



Hagelsundet Eigedom AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/24858

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
09.07.2015

Manglande innsending av dokumentasjon på fettutskiljaranlegg - gbnr 185/333 Hagellia 6

Teknisk drift, VVA, kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på utskiljaranlegg ved Hagellia 6. Vi ber om at følgjande dokumentasjon vert sendt inn til kommunen innan 10.08.2015:

- Generelle opplysningar om anlegg som er installert (type, storleik, etc)
- Tømmeavtale mellom verksemd og godkjent tømmeoperatør (avtale skal være signert av begge partar)
- Tømmerrapport for 2014
- Temperaturlogg for 2014
- Årsrapport for 2014
- «As build» teikningar som viser kva som er ført på anlegg og tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett (målestokk 1:500)

Verksemda skal kvart år sende inn tømmerrapport, temperaturlogg og årsrapport til kommunen for å dokumentere at anlegg fungerer etter intensjonen. Innrapportering skal være kommen i hende seinast 1. februar påfølgjande år. Vi har, per dags dato, ikkje motteke rapportering for 2014.

Alle verksemdar som har utslepp av avlaupsvatn som inneheld fett eller olje av animalsk eller vegetabilsk opphav skal ha fettutskiljar. Fettutskiljar skal sikre at fett frå prosess- og avlaupsvatn vert skilt ut frå vatnet før dette vert ført ut på kommunalt leidningsnett og til reinseanlegg. For at kommunen skal kunne sikre kommunalteknisk anlegg mot skadeleg fett, må verksemdene sende inn nødvendig dokumentasjon på sine anlegg kvart år. Temperaturlogging av anlegg over 3 dagar (under full drift og før tømning) gir ei god indikasjon på korleis eit anlegg fungerer. Temperatur i anlegget skal ikkje overstige 30°C.

Det er med heimel i forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift nå krev innsending av dokumentasjon for utskiljaranlegget ved Hagellia 6.

